

Eg kjenner meg trygg i klassa når:

- Læraren startar timen raskt og varierer innhaldet.
- Læraren min ser ut til å like meg, og blir glad for å sjå meg.
- Læraren snakkar til oss på ein roleg og trygg måte, også når nokon gjer noko dumt.
- Eg får sitte ein plass i rommet som passar mine behov (spør meg om du lurar på kva dei er.)
- Læraren min er interessert i kven eg er.
- Læraren forventar at vi følgjer reglar og viser respekt for kvarandre og for vaksne.
- Læraren min prøver å forstå følelsane mine, og viser at det er greitt å ha dei.
- Det er god stemning og vi har det fint i klasserommet.
- Vi får hjelp til å løyse konflikhtar som oppstår.
- Eg veit kvar eg skal vere og kva eg skal gjere, både no og etterpå.
- Eg forstår kva eg skal gjere og kva som er forventa av meg.
- Når vi skal vere to eller fleire saman, i timar og aktivitetar, er det lærar som bestemmer kven som skal vere saman.
- Eg kjenner skolevennane mine og vi er snille med kvarandre.
- Om eg i periodar treng noko ekstra kan eg lage individuelle avtalar med lærarane, og dei vert følgt opp.
- Eg har det trygt og godt heime og på fritida også.

